



Saksbehandlar: Roald Breistein  
Sak nr.: 18/6465-1

## **Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i SF-revisjon IKS**

### **Forslag til innstilling:**

1. Fylkestinget vedtek å melde Sogn og Fjordane fylkeskommune ut av SF revisjon IKS med verknad frå 01.01.2020.

### **Vedlegg:**

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **Bakgrunn for saka**

#### **Sak om samanslåing av dei kommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane vart handsama i fylkestinget 5.12.2017. Av saksframstillinga går det fram dette:**

«Bakgrunn for saka er rapport om samanslåing av dei tre selskapa KRYSS revisjon, Kommunerevisjonen i Nordfjord og SF revisjon IKS. Det er utarbeidd ein rapport om samanslåinga, som er handsama av representantskapet i SF revisjon IKS 20. oktober.

Hausten 2016 gjorde styra i dei tre interkommunale revisjonseiningane i Sogn og Fjordane, Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS revisjon), Kommunerevisjonen i Nordfjord og Sogn og Fjordane revisjon IKS (SF revisjon) vedtak om å utgreie ei eventuell samanslåing av dei tre einingane. Rapporten som ligg føre er resultatet av denne utgreiinga. Styringsgruppa, som bestod av leiar og nestleiar i styra i dei tre selskapa, har vedteke å tilrå at ei ny revisjonseining skal kunne vere etablert og operativ frå 1. januar 2019. Styringsgruppa gjorde slikt vedtak i møte 15. september 2017:

- Styringsgruppa vil tilrå at dagens tre revisjonseiningar; Sogn og Fjordane revisjon IKS, Kommunerevisjonen i Nordfjord og Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS Revisjon); vert slått saman til ei ny interkommunal revisjonseining heileigd av det offentlege (kommunar og fylkeskommunen) i Sogn og Fjordane.
- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet får ein desentralisert organisasjonsstruktur som vert bygt vidare på den organiseringa som dagens revisjonseiningar har.
- Styringsgruppa vil tilrå at det nye revisjonssamarbeidet vert organisert som eit samarbeid etter Lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.1992 nr. 107 (med seinare endringar), § 27 om interkommunalt samarbeid.

Kontrollutvalet er ikkje eit organ for utøving av fylkeskommunalt eigarskap. Kontrollutvalet har derimot eit ansvar for å gje tilråding vedr. val av revisjonsordning. Det står i kommunelova § 78 nr. 3.

*Kommunestyret eller fylkestinget avgjør sjølv om kommunen eller fylkeskommunen skal ansette egne revisorer, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annen revisor. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling fra kontrollutvalget.*

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i dag finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi ved kjøp av slike tenester av SF revisjon IKS, der fylkeskommunen har ein eigardel på 44,45%.

Som resultat av regionsreforma skal Sogn og Fjordane fylkeskommune slå seg saman med Hordaland fylkeskommune. Dette skal skje frå og med 1. januar 2020. Fellesnemnda har fått i oppdrag av fylkestinga i dei to fylkeskommunane å vedta revisjonsordning for den nye fylkeskommunen. Val av revisjonsordning skal gjerast etter tilråding frå kontrollutvala i dei to noverande fylkeskommunane. Dette resulterer i at val av revisjonsordning for noverande fylkeskommune berre kan gjerast for perioden fram til 31. desember 2019.

I selskapsavtalen med SF revisjon IKS står det i § 12 at uttreden frå deltakarforholdet berre kan gjerast 31. desember. Det står vidare ein deltakar med eitt års skriftleg varsel kan seie opp sitt deltakarforhold i selskapet og krevje seg utløyst av selskapet. Uttreden av selskapet skal, etter 3. avsnitt under § 12, varslast dei andre eigarane seinast 1 år og 3 månader før uttredningsdato, dvs. 30. september 2018.

Dette betyr at fellesnemnda må gjere vedtak om val av revisjonsordning - i eigenregi eller etter konkurranse – i løpet av våren 2018, slik at ei eventuell oppseiing av deltakarforholdet kan handsamast før 30. september 2018.

Dersom fellesnemnda gjer vedtak om val av revisjonsordning basert på konkurranse, vil det vere SF revisjon IKS fylkeskommune forheld seg til ved eventuell uttreden. Det nye selskapet er på det tidspunkt ikkje etablert.»

#### **På bakgrunn av dette gjorde fylkestinget slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:**

*Fylkestinget går inn for å fortsette med finansiell revisjon og selskapskontroll i eigenregi for det nye samanslegne selskapet i perioden fram til 31.12.2019 med etterhald om eit kostnadsnivå som ikkje overstig det ein har i dag i SF revisjon IKS .*

Det pågår som kjent ein prosess der målet er å slå saman dei tre «kommunerevisjonane» i Sogn og Fjordane. Som grunnlag for denne prosessen er det m.a. utarbeidd ein rapport etter arbeid i ei arbeidsgruppe bestående av revisjonssjefane i dei tre einingane. Arbeidsgruppa har kome med ei tilråding, som har vore handsama i styre for KRYSS revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord. Desse to er organisert som § 27 samarbeid etter kommunelova. Tilrådinga har også vore til handsaming hjå representantskapet i SF revisjon. I tilrådinga vert det bedt om at alle eigarane får handsama sak om samanslåing innan utgangen av 2017. Dei tre selskapa reviderer alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av to i tillegg til fylkeskommunen. Det vert tilrådd interkommunalt samarbeid etter kommunelova § 27 som organisasjonsform for den nye eininga.

Vi har fått opplyst at det nye selskapet skal etablere interimsstyre i møte 08.06.2018. Det er ei målsetjing at det nye selskapet skal vera etablert med verknad frå 01.01.2019 med 15 – 20 medarbeidarar.

#### **Vurderingar og konsekvensar**

Kontrollutvalet skal i anna sak i dag handsama sak om val av revisjonsordning i Vestland fylkeskommune og vedta innstilling til fellesnemnda, som skal gjea endeleg vedtak i saka i møte 22.06.2018.

I selskapsavtalen med SF revisjon IKS står det at dei andre eigarane skal varslast seinast 1 år og 3 månader før uttreden, dvs. seinast 30.09.2018. Det er fylkestinget som han mynde til å vedta eventuell uttreden av SF revisjon IKS. Det betyr at det vert for seint å handsame sak om

eventuell utmelding i fylkestinget i oktober 2018. Skulle vedtaket i fellesnemnda verta at Vestland fylkeskommune ikkje ønskjer å fortsette med rekneskapsrevisjon og selskapskontroll i eigenregi må sak om å melde seg ut av SF revisjon IKS handsamast i fylkestinget i juni 2018.

### **Konklusjon**

I samband med fylkestinget i juni 2018 er det ikkje kjent kva revisjonsordning fellesnemnda i møte 22.06.2018 vil vedta for Vestland fylkeskommune frå 01.01.2020. Det vert tilrådd at fylkestinget gjer vedtak om å melde Sogn og Fjordane fylkeskommune ut av SF revisjon IKS slik at fylkeskommunen går ut som eigar med verknad frå 01.01.2020. Eventuell tilslutning til den nye offentlege revisjonsordninga i Sogn og Fjordane er det fellesnemnda som skal handtere vidare dersom dei vedtek at Vestland fylkeskommune skal ha revisjon i eigenregi.